

Friområde § 25, 1.ledd nr 4

Skiløype

- a) Det kan etablerast skiløype med ryddebreidde inntil 6 m.

Vinjo Kommun
REGULERINGSPLANEN VEDTEKEN

Dato 18.12.08

K-sk 08/107

Spesialområde § 25, 1.ledd nr 6

Privat veg (frå vegen til Heimigard Trovatn til kommunegrense med Tokke)

- a) Veggen skal i hovudregelen ikkje ha større stigning enn 1:10. På enkelte strekningar kan det tillatast brattare stigning. Framføring av vegen skal gjerast så skånsamt som råd. Jordskjeringar og fyllingar skal dekkast til med jord, og elles gjevast ei tiltalende utforming. Dersom det ikkje er høve til å byggje vegen ved hjelp av fyllingar/jordskjeringar innanfor føremålet skal ein nytte murar. Desse kan byggast opp til 1,2 m høge og skal utførast i naturstein.
- b) Tilkomsvegen til området skal byggjast som heilårs landbruksveg med 4m køyrebane som vist på plankartet.
- c) Det er høve til å etablere underjordiske kommunaltekniske anlegg, straum- og kommunikasjonskablar i vegtraséen.
- d) Ved område merka "Rulleplass for tømmer" er det høve til å etablere dette.

Frisiktsone ved veg

- a) Det skal ikkje vere sikthindringar på meir enn 0,5 m høgde over tilstøytande vegbane.
- b) Det kan etablerast oppstamma tre med greinfri stamme på min. 2 m over tilstøytande vegbane og på maks. 0,3 m i diameter.

Fellesområde § 25, 1.ledd nr 7

- e) Felles veg skal nyttast som felles veg for eigedomane med vegrett i vegen til Heimigard Trovatn. Avkøyring frå fylkesveg H-801 skal godkjennast av Statens vegvesen før utbygging av hytteområdet på Tokke sida kan ta til.

Gvarv, mars 2008

Revidert 31. okt. 2008 etter 1. g. vedtak i planutvalet.

For Plankontoret Hallvard Homme AS

Trond Ansten Eriksen

Trond Ansten Eriksen
Naturforvaltar, Arealplanleggar

Føresegner

I medhald av plan- og bygningslova av 14. juni 1985, nr. 77 med revisjonar, §§ 22-27-1 og §30, er det utarbeidd reguleringsplan for tilkomstveg til hytteutviklingsområdet **Gråndalen hyttegrend**, del av Gnr 121, Bnr. 1 m. fl. i Vinje kommune.

Reguleringsføresegnene gjeld for området synt med plangrense på plankarta «**REGULERINGSPLAN, Tilkomstveg Gråndalen hyttegrend**, gnr 121, Bnr. 1, m. fl.», Vinje kommune, kartblad 1-5, Målestokk 1:1000, datert mars 2008. Revidert 31. okt. 2008 etter 1. g. vedtak i planutvalet. Innafor reguleringsgrensa skal areala nyttast som vist på planen. Vedteken plan er bindande for arealbruk, frådelling og byggje - og anleggsverksemd innan planområdet.

Felles føresegner

- a) All graving og sprenging i terrenget skal gjerast skånsamt. Område som ikkje skal nyttast til veg skal først tilbake til opphavleg utsjånad innan 1 år. Eksisterande vegetasjon skal i størst mogeleg grad takast vare på.
- b) Anleggsarbeid skal ikkje skje i påska (Skjærtorsdag - 2.påskedag), pinse (pinseaftan - 2.pinsedag), jul (julaftan - 2. juledag), eller nyttårshelg.
- c) Vassleidningar og straumkablar skal i størst mogleg grad leggest vegtraseane. Dette skal gjerast samtidig med at vegane opparbeidast. Nye straumlinjer skal leggest i jordkabel.
- d) Alle grøfter skal tilbakeførast til opphavleg utsjånad innan eitt år.

Landbruksområde § 25, 1.ledd nr 2

Område for jord og skogbruk

Ingen føresegner

Offentlege trafikkområde § 25, 1.ledd nr 3

Anna veggrunn

Ingen føresegner